

Referat OMRÅDEUTVALET FOR NORDHORDLAND (OUNH)

Tid	Fredag 06.desember 2024, kl 09:00 – 12:00
Stad	Region Nordhordland Helsehus, 6. etg, møterom Mongstad
Møteleiar	Oddvin Nestet
	Arbeidstakarorganisasjon: Brukarrepresentant: Evy Knutsen (brukarrepresentant spesialisthelsetenesta), Jostein Dale (brukarrepresentant frå kommunane i Nordhordland), Hovudtillitsvalt: Liv Berit Haukaas (HTV Fagforbundet) Kommunane: Oddvin Arne Neset (Masfjorden, leiar), Tonje Husum Aarland (Modalen), Kristin Ruud Myking (Osterøy), Leni Dale (Alver) Anne Hildegunn Færøy (Austrheim), Mona Molland (Gulen kommune) Kommuneoverlegerepresentant: Anita Sørtveit (kommuneoverlege Osterøy - kommuneoverlegerepresentant Nordhordland) Anita Pettersen (frem til og med sak 35/24) Fastlegerepresentant: Gunn Mali Steen (fastlegerepresentant Nordhordland) Helse Bergen: Anne Kvalheim (for Grete Lill Hjartnes), Gro Fanebust (for Randi-Luise Møgster), Anne-Jorunn Langeland (for Maria Vollsæter) Haraldsplass: Rebekka Ljosland og Åse Therese Nordstrønen Sekretariat: Elena Sandgathe og Eva Nordnes Observatør: Ada Withbro Villum (ny prosjektleiar Fag – og tenesteutvikling RNI)
Fråfall	Alf Henrik Andreassen (Helse Bergen), Annika Villanger (Fedje kommune) Trond Larsen (HVT Fagforbundet), Randi Luise Møgster, Maria Vollsæter

Nr.	Saker
30/24	Godkjenning av innkalling, saksliste og referat Vedtak: Innkalling og referat er godkjent utan merknadar. Ang Sak 31/24: Denne saka merka med D/V. Saka er ein orienteringssak og difor vert det ikkje drøfting/vedtak.
31/24	Orientering frå Strategisk samarbeidsutval (SSU) Gjennomgang av referat frå SSU og status Handlingsplan Sjå vedlagt referat Sak 31-24 Referat SSU 3-2024 22. okt 2024.pdf <u>Innspel på sak</u>



	Evvy Knutsen er kommen inn i SSU som brukarrepresentant frå brukarutval på Haraldsplass. Vedtak: OU Nordhordland tek referat frå Strategisk samarbeidsutval til orientering.
32/24	Modell for kriteria for rekrutterings- og samhandlingstilskot, vedtak i SSU 28/24. Orientering v/Oddvin Neset Kort orientering om prosess, utarbeiding av søknadskriterium og modell for rekrutterings- og samhandlingstilskot. Det er gitt 13,5 millionar i 2024. Ytterligare midlar i 2025, 26 millionar til saman. Midlar blir tildelt prosjekt som helsefelleskapet er samde om. Prosjekta må ha som formål å styrkja samhandling på tvers av kommune og spesialisthelsetenesta i eit partssamarbeid. Arbeidsgruppe som har arbeidet med saka består av leiar og nestleiar frå Områdeutval, fastlege og brukarrepresentant. Samarbeidssekreteriatet har vore sekretær og vil halda fram med det i søknadskomiteen. Midlar for 2024 vert overført til 2025, samstundast er det ein forventning om at det vil kome tilsvarende beløp i 2025. Det ligg i statsbudsjettet. Søknadsfrist er 05.februar 2025. Informasjon og søknad ligg på saman.no. <u>Innspel på aktuelle søknader:</u> - Innspel: trekkjer fram syn og høyrslø. Er i dag lange køar og brukarar som går lenge med utfordringar utan å få tilstrekkeleg hjelp og oppfølging. Gjeld både kommune- og spesialisthelsetenesta. - Representant frå FSU - eldre med skrøpeligheit opplyser dei er i prosess med å utarbeida søknad. - Viktig at FSU-ane engasjerer seg i å søke på rekrutterings- og samhandlingstilskota. Vedtak: Representantane i OU Nordhordland tek Modell for kriteria for rekrutterings- og samhandlingstilskot til orientering.
33/24	Status handlingsplan 2024 – 2025, orientering v/Elena Sandgathe (SSE) Vedtak: OU Nordhordland tek Status handlingsplan 2024 – 2025 til orientering.
34/24	Orientering om faglege samarbeidsutval SSU har vedteke mandat for tre FSU-ar v/Elena Sandgathe (SSE) Sak i SSU 22.oktober. Tre mandat vart vedteke. Dei har hatt oppstart i 2024. Nokon skilnadar i mandat. Det er lagt til ein kort formulering i mandatar, slik at pasientar som ikkje faller inn under de fire prioriterte gruppene også blir ivare tatt. Leiare i aktuelle FSU



	må samsnakke om korleis løysa dei ulike problemstillingane. Ved behov kan undergrupper opprettast. Alle områder har fått representantar til FSU. Informasjon må nå inn til FSU-ane, og dei må orientera ut. FSU eldre med skrøpeligheit jobbar med handlingsplan for 2025. Det skal søkjast om rekrutterings – og samhandlingsmidlar. Felles rutinar til bruk for alle pasientar med skrøpeligheit. Oppmoding at representantar som deltok i FSU arbeidsgrupper under oppstart forankrar vidare deltaking frå eiga organisasjon. For FSU psykisk helse og rus er dei aktuelle representantane i korrekte slik gruppa er no. Viktig at det jobbast for å sikre at informasjon følger pasienten, og leiar for pasientgruppa må være på banen og jobbe for at gode idear iverksetjast. Det bør være ein kort status frå alle FSU i områdeutval. Møteleiar, nestleiar og sekretariatet følger opp korleis OU kan få plass inn i FSU-ane. Dette vert teke opp på neste områdeutval. Vedtak: OU Nordhordland tek mandat for faglege samarbeidsutval til orientering.
35/24	Bli kjent med arbeidsfeltet: Oddvin Neset (kommunalsjef HO Masfjorden) presenterer Masfjorden Presentasjon helse omsorg 24.pptx Vedtak: Områdeutvalet takkar Oddvin for ein innhaldsrik presentasjon.
36/24	Lokal oppfølging av Riksrevisjonens rapport om rehabiliteringstenester, orientering v/Elena Sandgathe (SSE) SSU har gitt OU oppdrag om å setja i verk tiltak. Mandat er gitt, og det vert tilrådd at OU etablerer arbeidsgrupper som jobbar med innhaldet i rapporten. Utfordringar skal identifiserast og SSU har bedt om konkret tilbakemelding om utfordringar og tiltak lokalt, og på helsefelleskapnivå innan mai 2025. <u>Innspel på sak:</u> Sette ned en arbeidsgruppe snarast som kan jobba fram søknad om rekrutterings- og samhandlingstilskot, og sidan jobbe vidare med mandatet? Utfordringar ved at OU-ane skal levere representantar til dei ulike arbeidsgruppene. Ein liknande sak vart jobba med for 10 år sidan. Sjå til kva som ble gjort da. SSU ber om ei hurtigarbeidande gruppe. Vedtak:



	OU Nordhordland vil setje ned ein arbeidsgruppe der representantane har fagleg tilknyting til fag og tenester. - Inntil 2 brukarrepresentantar - 1 fastlegerepresentant - 2 kommunerepresentant - 2 representant frå spesialisthelsetenesta (1 frå Haraldsplass diakonale sjukehus og 1 frå Helse Bergen) - SSE er sekretær Dersom det vert utfordringar med å rekruttere fastlege kan eventuelt kommuneoverlege som en av representantane frå kommune dekkje denne rollen. Frist for å melde inn kandidatar til SSE v/Eva Nordnes innan 17.desember 2024.
37/24	Informasjonsflyt mellom sjukehus og kommunar – sak meldt frå Helse Bergen Helse Bergen orienterer om utfordringar med deling av informasjon frå sjukehusa til kommunane. Tradisjonelt har dette gått via kommunane sine postmottak, men erfaring synar at post kan forsvinne blant anna post som kjem til postmottaka. Kan føre til forseinkingar. Ulike måtar har vore prøvd, til dømes informasjon på Helse Bergen sin nettside og det har vore sendt direkte til kommunalsjefar. For fastlegar og andre tilvisarar - Helse Bergen HF <u>Innspel på sak:</u> - Kommunane får mange e-poster. Ein del kjem via postmottak eller via kommunen sitt sakssystem. Prøva å avgrensa slik at det ikkje blir for mye informasjon. Informasjon som ikkje treng lagrast for ettertida, skal ikkje sendast til sakssystem. - føretrekkjer postsystem. Her er dei tilsette orientert om kven som er på jobb og om dei ulike tilsette. - merke post tydeleg på kven som skal ha informasjonen. - prøve å nytte seg av nettsida i stor grad til å nå ut med informasjon. Vedtak: OU Nordhordland tek informasjonsflyt mellom sjukehus og kommunar til orientering.
38/24	Forarbeid til SSU-sak; årleg gjennomgang av avtaleverket -gjennomgang av innspel til SSU Vedtak: Fristen for å melde innspel er gått ut. SSE har sett på avtaleverket. Det er kome innspel på revisjon av særavtale til TA 2,6 og 10, og etablering av ny særavtale om legemiddelbereskap til TA11.



	Innspel er sendt vidare til SSU som har møte 12.desember.
39/24	Partnerskapsmøtet 2025 - gjennomgang av innspel til program - Tenesteavtale 12 (TA12) har betydning for korleis kommunar og helseføretak saman skal planleggja, utvikla og følgja opp tenester. Avtalen må seia noko om korleis helsefellesskapet i bergensregionen kan bli betre på dette enn slik det er i dag - Ta med arbeid med TA12 og sikre at informasjon når kvarandre som partar tidleg nok. Ta med arbeid med TA12 og sikre at informasjon når kvarandre som partar tidleg nok. Dette er ein utfordring då TA12 ikkje kan innehalde noko om korleis dette skal gjerast før det er støtta politisk. Vedtak: Innspel til program er sendt ut på førehand. OU Nordhordland har ikkje meldt inn innspel. Program vert lagt fram for SSU 12.desember
40/24	Nedtrekk ambulansar (vedlegg: referat frå UFAB møter) v/Oddvin Neset Regionrådet og kommune tar opp framgangsmåten Helse Bergen har handsama denne saka. Regionrådet har sendt uttale med vedlegg frå legevakta og kommuneoverlege. Saken har gått direkte til UFAB og ikkje via Helsefellesskapet. Står att å sjå på kva som blir vedteke, og kva for konsekvensar det får for regionen. Helse Bergen informerer om at Regionrådet si uttale er mottatt og vert tatt med i vurderingar. Vedtak: OU Nordhordland takkar for orientering.
41/24	Orientering frå partane Alver kommune: har meldt frå om at dei ynskjer å avslutte LAR avtalen. 5 år sidan den vart inngått. Ynskjeleg med dialog for å sikre forsvarleg oppfølging av brukarar vidare. Osterøy kommune ynskjer dialog med Alver ift vidare avtale med spesialisthelseteneste. Masfjorden kommune: Kommunane i Nordhordland ynskjer auka tenestetilbod og aktivitet i Helsehuset, og ynskjer at det vert sett på dagsorden i neste OU. Region Nordhordland interkommunale selskap (RNI) er oppteken av størt mogleg aktivitet, synergjar ift sambruk og utnytte lokalitetar i bygget. Er ein del areal som er ledig i dag. Dagleg leiar Rune Heradstveit har starta dialog med Eivind Hansen – Helse Bergen for tenester til Helsehuset (poliklinikk). Skal fortsette med dialog og utredning med Haraldsplass diakonale sjukehus. Viktig å finne gode samhandlingsområder slik at helsehuset får full utnytting. Områdeutvalet haldast orientert om prosessen vidare Haraldsplass diakonale sjukehus: dialog med Rune Heradstveit om alarmsystemet på Helsehuset og eventuelle hendingar med vald og truslar. Skildrar utfordringar med å



	vegring i rekruttering og auka bruk av RNH utan meir beredskap. Personalet må føle seg trygge på jobb. Haraldsplass diakonale sjukehus: Sak i SSU 31.mai - telefondialog mellom legetenestene. Partane og MFU skulle følgja opp med oppdaterte lister for sjukeheim, fastlegar og legevakt i kommunar og dela dei. HDS har ikkje motteke listar. Oppdaterte listar vil føra til mindre tidsbruk på å nå samarbeidspartar. Ei linje til legar er oppretta utan tasteval. Legar på HSD ynskjer at kommunar tek kontakt for å gje pasientar god og riktig behandling. MFU er ikkje ferdig med å revidere listar enda. Uklart om alle kommunane har fått informasjon. Retningsliner som skal reviderast, SSU har hatt saka på agenda og skal ha vore teke inn i OU runde. Kommunar må sende oppdaterte lister til SSE som kan distribuere vidare. Alle telefonnummer til legar haldast konfidensielt. Osterøy kommune: Pasientreiser 24/7 avtale med Helse Bergen (tidlegare fra 08-18). Ny anbudsrunde no og dette er svært positivt for innbyggjare på Osterøy. Helse Bergen: På vegne av samhandlingssjef Grete Lill vert det formidla at mobilt røntgen kjem i gong frå februar 2025. Informasjon om mobilt røntgen: Samhandlingslegen - Helse Bergen HF
42/24	Eventuelt Ingen saker på eventuelt

